

Valldal Bygdekvinnelag 80 år

VBK 80 år. Skipa 10.mars 1932

Viss vi tenkjer oss eit tidsbilete, i eit miljø som var totalt annleis både på det ytre og det indre plan.

Det var store stengsler for kvinnene til å utvikle seg, mange fordommar om kva kvinner kunne vere med på. Kommunikasjonen var naturlegvis noko heilt anna. Det var lite bilar i bygda. Hesteskyss var det mennene som rådde over.

Når kvinnene ville treffast, måtte dei gå, kanskje hadde dei sykkel, eller viss mennene hadde tid til ein hesteskyss.

Det var i dei berykta 30-åra.

I bakevja til børs og bankkrakket i 1929, som snudde opp ned på finansverda både i Amerika og Europa. Det etterlet seg små og store samfunn i økonomisk ruin, med konkursar, arbeidsløyse og fattigdom.

Slik også i Norge, og i Valldal i utkanten av verda—

Folket i dei små Vestlandsbygdene var vande med trange økonomiske kår.

No hardna det skikkeleg til—

Næringslivet hadde stagnert, så for bøndene var det vanskeleg å få omsett varene, og ofte til botnlause lave priser.

Dette var ikkje realityserie, men dagens harde verkelegheit.

Dette var nok dei ytre og synlege stengslene, men dei usynlege var kanskje verre.

I eit mannsdominert samfunn med skikkar og fordommar. Kvenna var heilt umyndiggjort i økonomisk samanheng, og hadde ingen plass i det offentlege liv.

Men kvinnen var ein kjærkomen frådragspost i skattelikninga—

Kvinnelivet var ufritt og krevjande

Som ho sa ei kvinne som vart spurd om å melde seg inn i laget eit av dei første åra: «jau, **eg** vil gjerne det, men **dei** vil ikkje ..»

Med dette bakteppe, er det nesten utruleg at Valldal bondekvinnelag vart skipa og drive fram av dyktige kvinner.

Det var Marta Linge som tok initiativ til å starte eit Bondekvinnelag. Det vart starta 10.mars 1932. Det skulle arbeide for å opplyse kvinnene til å stå saman for å betre levevilkåra i bygdesamfunnet. Til å byggje eit godt samfunn. Dei såg det som viktig å arbeide for

kvinnene si eiga utvikling, opplæring og deltaking i det offentlege liv.

Samfunnsengasjementet var viktig for kvinnene. Ja det var nybrottsarbeid og barrierar å bryte heile vegen. Det er litt å tenkje på når vi no om eit år skal feire 100 års for røysterett for kvinner.

Første bondekvinnelag vart starta i Spjelkavik i 1917. Det var driftige kvinner som slo seg saman for å få ein mann, Langeland inn på Stortinget. Det var nok ikkje sjanse å få inn ei kvinne, sjølv om kvinnene fekk allmenn stemmerett i 1913. Men dei såg at det var nyttig å ha ein mann på Tinget frå Sunnmøre, og dei jobba for det som var realistisk der og då!

Bondekvinnelaget har alltid vore ein spydspiss i saker. Det er sagt av andre at Bondekvinnelaget har vore svært liberale og framsynte, teke opp saker og oftast vunne fram med vårt syn.

Det er med stor respekt og interesse eg har lese i dei gamle protokollane.

Mange aktuelle saker i samtida vart tekne opp. Saker som både gjaldt bygda og samfunnslivet elles. Bondekvinnelaget har hatt ein stor aktivitet heilt frå starten av.

Lese frå starten av laget i 1932.

Alt første arbeidsåret vart det halde 6 møte, ein fest og eit sommarstemne. Det vart etter kvart kurs i matstell, saum, veving, biletvev, tinnsløyd og snikkarkurs!

Frå årsmeldinga i 1933 kan vi lese at det var halde kurs i husstell, frukt og grønsakkurs. Utferd til Klovset, stemne med foredragshaldar og hornmusikken som også vart skipa i 1932.

Laget hadde også ei lagsavis, ho heiter Heimhug, som det er mykje god lesnad i og alltid med ein god snert! Mykje god kulturhistorie der! I 1935 sende laget ei oppmading til Norddal skulestyre om at det måtte bli innført handarbeid i skulane i kommunen. I 1969 tok laget opp spørsmålet om kreftgransking av kvinner. Dette vart gjennomført i samarbeid med lege og helselaget.

Det er imponerande å lese om alle møte Bondekvinnelaget hadde med mange ulike slags foredrag. Det var mykje lærdom og utvikling for medlemene. Svært mange møte var opne for alle i bygda, og dette var sikkert kjærkome for mange

Laget har fått i gang mange studieringar gjennom alle åra. "Den nye skuleordninga" som eit emne, i 1972 var det EF saka. Skulesak var det også i 1992, då hadde vi diskusjon og studiering om "heildagsskulen"

Odelslova . At jenter og gutter skulle ha same odelsrett. VBK hadde ein grundig diskusjon om dette. Vi gjekk for likestilling i odelslova

Pensjonssaka . Det har vore ei kampsak som Bondekvinnelaget tok opp, vi sende brev til sentral om dette.

Mange kvinner er blitt minstepensjonistar fordi loverket ga ikkje løyve til å dele inntekta i ei felles bedrift, anten det var på garden eller i butikken.

Kvinnene fekk då ikkje opptent pensjonspoeng og blei derfor minstepensjonistar, ganske urettferdig—

Namnebyte sak oppteken i laga og vedteke i 2002

Frå Bondekvinnelag til Bygdekvinnelag

Dette var rett sak i rett tid.

Det er svært bra, det femner om alle. Vi som bur her i bygda, er alle bygdekvinner.

-Aksjon for å kjøpe norsk og lokale varer. Det har vore mote og mannequinframsyning og vist gamle og nye klede.

Sak om å få betre souvenirar som kunne seljast i Møre og Romsdal til turistane.

Aksjon for å kjøpe norsk.

Vi har teke vare på tradisjonar både innan tekstil og innan matkultur

Bondekvinnelaget har alltid vore med å skipa til mykje kulturaktivitetar i bygda.

I protokollane bakover kan ein lese om festar kvart år med kjende foredragshaldarar og stor dugnadsinnsats og stor oppslutning om Bondekvinnelaget sine festar.

Bondekvinnelaget skipa til dei første **Olsokfestane** i Valldal.

Kyrkja og samfunnshuset har fått støtte i form av både pengar, dugnad og innbu. I kyrkja heng eit flott biletvevteppe som Emma Hoel vov, med motiv av Heilag_Olav ferda gjennom Valldal. Alle tekstilar i kyrkje er gåver frå laget. Pryding av kyrkjegarden var og ei viktig oppgåve

Vi har elles vore støttespelarane for mange gode tiltak, og ofte i samarbeid med Bondelaget, og Bygdeungdomslaget då det var aktivt.

Kvinner frå både Fjørå og Tafjord vart etter kvart inkludert i Bygdekvinnelaget her. Det er veldig kjekt og det berika miljøet i laget.

Den store sætreboka har blitt lansert i dag. Dette er eit stort arbeid og har høg kulturhistorisk verdi. Vi syns at det er flott at i vi i 80 års jubileumet samtidig har ferdig den boka so har vore arbeidd med i 4 år.

Gjennom desse 80 åra har vi hatt gode leiarar, - **Marta Linge i heile 27 år. Andre seinare var Gudrun Myklebust, Lilly Sandnes, Kirsti Døving, Petra Jemtegård, Bjørg Døving, Sunneva Linge, Jorunn Ekornes.**

Så må eg nemne alt det gode som vart skrive av **Ester Hoel** som var skrivar og skreiv også mykje i lagsavisa "Heimhug"

Ein god organisasjon er ein organisasjon i stadig endring. Bygdekvinnelaget må endre seg og tilpasse seg til det moderne kvinnelivet. Vi må tilpasse oss til dei til ei kvar tid aktuelle oppgåver.

Bygdekvinnelaget har ein sterk posisjon i samfunnet i bygda. Bygdekvinnelaget er ein moderne møteplass. Vi er ein samfunnsaktør som arbeider på mange frontar. Vi er med og påverkar samfunnet gjennom arbeidet vi gjer og er eit bygdepolitiske talerøyr. Dette går hand i hand med dei trivselskapande aktivitetar som Valldal Bygdekvinnelag driv.

Reidar Almås, i Bygdeforskning har sagt at Bygdekinnene er sjølve urkrafta i bygdesamfunnet . Gjennom alle lokallag så er Norges bygdekvinnelag med på å held liv i og stadig fornyar denne.

Valldal bygdekvinnelag har ei slik kraft. Denne krafta vert stadig fornya med alle dei dyktige medlemene og det arbeid som vert lagt ned.

Bygdekvinnelaget er med og kvelver ein høgare himmel over kvardagen vår.

Takk

Solveig Linge Stakkestad